# Møteprotokoll
# Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 16.09.2022 kl. 12:00 |
| Møtestad: | Thon hotel Jølster - Skei |
| Arkivsak: | 19/04260 |
| Til stades: | Halvor Nordhaug, Oddny Irene Miljeteig, Vemund Atle Øiestad, Nora Sætre Baartvedt, Per Hilleren, Solaug Anita Apelthun Sæle, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Astrid Fylling, Kjersti Gautestad Norheim |
| Frammøtte varamedlemer: | Kjersti Brakestad Boge vart kalla inn i møtet på sak 47/22.<br>Gudmund Waaler deltok frå sak 48/22 |
| Forfall: | Solaug Anita Apletun Sæle og Halvor Nordhaug deltok på sak 45-47/22 på teams. Grunna sjukdom deltok dei ikkje resten av møtet. Kjersti Gautestad Norheim deltok ikkje på sak 45-47/22, men kom inn i resten av møtet. |
| Andre: | |
| Protokollførar: | Jan Ove Fjelltveit |

**SAKSLISTE** Side


**Godkjenning av innkalling og saksliste**

| | | |
|---|---|---|
| 45/22 | Saksliste Bjørgvin bispedømeråd 16.09.2022 | 2 |

**Godkjenning av protokoll**

| | | |
|---|---|---|
| 46/22 | Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 10.06.2022 | 2 |

**Saker til behandling**

| | | |
|---|---|---|
| 47/22 | Bjørgvin bispedømeråd - Utval av aktulle kandidatar til intervju - ny biskop - Ikkje offentleg, jf. Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 | 3 |
| 48/22 | Bjørgvin bispedømeråd- Økonomirapport andre kvartal 2022 | 3 |
| 49/22 | Bjørgvin bispedømeråd - Moster 2024 Videoproduksjon | 3 |
| 50/22 | Bjørgvin bispedømeråd - Vennskapssamarbeid med IEU på Cuba - rapport og veien videre del 2 | 4 |
| 51/22 | Oppretting av Kyrkjeleg kultursenter vest | 4 |
| 52/22 | Ny soknestruktur på Osterøy | 4 |
| 53/22 | Bjørgvin bispedømeråd - politisk samspel med fellesråd - drøfting | 5 |
| 54/22 | Valråd for kyrkjevalet i Bjørgvin bispedøme 2023 -  oppnemning | 5 |
| 55/22 | Bjørgvin bispedømeråd - Datoplan 2023 | 6 |

**Orienteringssaker**

Bergen, 22.09.2022

Jan Ove Fjelltveit
Sekretær

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

## 45/22 Saksliste Bjørgvin bispedømeråd 16.09.2022

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 45/22 |

**Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 16.09.2022:**

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek innkalling og saksliste. Til sak 47/22 vart det avgjort at Kjersti G Nordheim var ugild, og at vara Kjersti Brakestad Boge deltek digitalt på denne saka.

**Godkjenning av protokoll**

## 46/22 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 10.06.2022

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 46/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek prototoll frå møte i BBDR 9.juni 2022.

**Saker til behandling**

## 47/22 Bjørgvin bispedømeråd - Utval av aktulle kandidatar til intervju - ny biskop

*Ikkje offentleg, jf. Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1*

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 47/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd har vurdert kven som skal kallast inn til intervju og gjev intervjugruppa fullmakt til å følgje opp saka.

## 48/22 Bjørgvin bispedømeråd- Økonomirapport andre kvartal 2022

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 48/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømerådet tar økonomirapporten til vitande, bispedømerådet styrer mot balanse.

## 49/22 Bjørgvin bispedømeråd - Moster 2024 Videoproduksjon

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 49/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd støttar at ein går vidare med prosjektet videoproduksjon inn mot Moster 2024. Målet er 3 videoar a 20 minutt til bruk i skule, kyrkjeleg undervisning og som open nettressurs. Det blir søkt om støtte hos ulike aktuelle samarbeidspartnarar.

## 50/22 Bjørgvin bispedømeråd - Vennskapssamarbeid med IEU (Iglesia Evangelica Unida) på Cuba - rapport og veien videre del 2

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 50/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd drøfta tiltak for å auke gjevarteneste og offer til vennskapssamarbeidet, mellom anna i samband med avskjedsturne med biskop Halvor. Bispedømerådet vil og gå inn med midlar frå Fond avsett til solidaritetsarbeid. Bispedømerådet ønsker sak på novembermøte med ein langsiktig plan i tråd med dei signala som kom fram i møte.

## 51/22 Oppretting av Kyrkjeleg kultursenter vest

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 51/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

1. Bjørgvin bispedømeråd takkar arbeidsgruppa for saksutgreiinga og sluttar seg til arbeidsgruppa sine tilrådingar om etablering av Kyrkjeleg kultursenter vest.
2. Bjørgvin bispedømeråd vedtek å etablere Kyrkjeleg kultursenter vest som eit ideelt aksjeselskap i samarbeid med Bergen kirkelige fellesråd, Menighetsrådet i Bergen domkirke menighet og eventuelt andre samarbeidspartnarar.
3. Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Biskopen til å representere Bjørgvin bispedømeråd i generalforsamlinga.
4. Bjørgvin bispedømeråd sitt bidrag er tilskot på kr 100.000 i årlege budsjett i 2023-2025 (etableringsfasen). Kulturrådgjevar si deltaking vert avklart løpande.
5. Bispedømerådet ber om årleg rapport og ei prosjektevaluering etter tre år. Vidareføring av finansiering må avklarast som eiga sak seinast oktober 2025.

## 52/22 Ny soknestruktur på Osterøy

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 52/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om å slå saman sokna Gjerstad, Hamre, Haus, Bruvik og Hosanger til eit nytt sokn med namnet Osterøy sokn. Det nye soknerådet skal ha ti medlemer i tillegg til soknepresten.

Det nye soknet vert oppretta med verknad frå 1. januar 2024. Det nyvalde soknerådet vil fungere som eit felles sokneråd for dei fem sokna det spring ut frå i tida 1. november til og med 31. desember 2023.

## 53/22 Bjørgvin bispedømeråd - politisk samspel med fellesråd - drøfting

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 53/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bispedømerådet drøfta vegval på å utvikle eit samspel mellom valde leiarar i fellesråd og bispedømeråd.

## 54/22 Valråd for kyrkjevalet i Bjørgvin bispedøme 2023 - oppnemning

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 54/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner valråd for bispedømerådsvalet i Bjørgvin 2023 med følgjande medlemer:

- Julie Ane Ødegaard Borge
- Håvard Frøysa.
- Tove Sneås Skauge.
- Arild Steinsland
- Joy Taylor
- Eli Beate Presthus Nilsen (vara)
- Harald Geir Sæther (vara)

## 55/22 Bjørgvin bispedømeråd - Datoplan 2023

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 16.09.2022 | 55/22 |

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak
Bjørgvin bispedømeråd vedtek datoplan for 2023:

12. januar 2023 BBDR – teams 15-17 (Innstille på sak om ny biskop)

*10.-11. februar KR i Bergen (tilset ny biskop)*

14. februar 2023 BBDR

29.mars 2022 BBDR

15-16. april 2023 innsetting ny biskop (BDR/prostar/stab)

9. mai 2022 BBDR (ny biskop)

13.juni 2023 BBDR

3. august BBDR ettermiddag KM saker

4.- 9. august Kyrkjemøte

26. september 2023 BBDR

31. oktober 2023 BBDR

5. desember 2023 BBDR